

Merknadsskjema – 1. gangs høyring av Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Plannavn	Kommuneplanen sin areldel
Arealplan-ID	1263-201805
Saksnummer	17/3013 WebSak
Utarbeidet av	Lindås kommune, planavdelinga.
Sist revidert	11.10.2019

Rådmannen sin tilråding til endringar basert på innkomne innspel – til handsaming i PMU og Kommunestyremøte 15. oktober 2019

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad	Kommunen sin kommentar	Endringar		
				Plankart	Føresegn	Planskildring
PRIVATE INNSPEL, INKLUDERT LAG OG ORGANISASJONAR, BEDRIFTAR M.M.						
1	Aven, Arne	119/16 Sundsbø. Ber om at gnr. 119/16 (på Sundsbø) vert tatt med i vedlegg A Bustadeigedomar med status som LNF-spreidd (ref. kap. 3.4.7).	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Eigedomen 119/6 ligger som fritidsbustadområde i kommuneplanen sin arealdel. Vedlegg A gjeld for eigedommar som ligg i arealføremåla LNF spreidd.			
2	Botnakraft AS, ved Sjur K. Dyrkolbotn	Kraftverk i Nipo og Dyrkolbatn. 1. Innspel på areal frå LNF til LNF-spreidd næring, for å legge til rette for drift av eksisterande småkraftverk, samt vidare utvikling av nytt småkraftverk og utvikling av tilknytta næringsverksemd. Gjev i innspelet forslag til konkrete føresegner for m.a. å sikre friluftsinnteresser. Ber om fritak frå plankrav. NVE gav løyve, etter vassressurslova § 8 til bygging av Dyrkolbotn kraftverk 11. november 2010. 2. Ønskje om at all småkraftaktivitet vert lagt som LNF-spreidd næring. Viktig å unngå å måtte søke dispensasjon for tiltak i samband med eksisterande innstallasjonar. 3. Ønskje om LNF-spreidd næring for etablering av datasenter og veksthus. Aktuelt areal ligg i nærleiken til område for planlagt ny kraftstasjon.	1. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 14. september 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere nye areal etter 1. gangs høyring av planforslaget. 2. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Må vurderast som eventuelt konkret tema ved neste rullering av kommuneplanen. 3. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Sjå punkt 1. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.			
3	Bygdelag Vikanes-Romarheim	1. LNF-spreidd bustadområde på Eikefjellet aust for Romarheim må utvidast for å gje plass til 3 nye bustadhus. 2. Bustadareal på Romarheimsneset gbnr. 217/56 må inn igjen. Viss det ikkje er mogleg, kan ein legge det som LNF-spreidd bustad med 3 nye bueiningar i planperioden. 3. Forslag til ny tekst til føresegna om omsynssone friluftsliv; unngå omgrepet «medbygging»; «Innanfor omsynssona er det ikkje tillate med tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre ødelegging eller anna som kan redusere bruksverdien av områda vesentleg i høve til tur- og friluftsliv». 4. Utvide naustområde sør for eksisterande naustrekke ved småbåthamna på Romarheimsvågen.	1. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Ønskja areal for utviding er bratt og tilkomst er krevjande. Administrasjonen vurderar det slik at det er mogleg å etablere 3 nye bueiningar innanfor avsatt areal til LNF-spreidd bustad, sjølv om deler av dette området også er bratt. Detaljar for realisering vert avklart ved eventuelle byggjesøknader. Arealet låg i hovudsak inne som gult (bustadføremål) i Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2011. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. 2. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.			

		<ol style="list-style-type: none"> 5. Ta ut naustområde #10 i plankartet pga konflikt med badestrand. 6. Innspel på næring i Nipo; planar om ny kraftverksbygning – sjå eiga innspel (innspel nr. 6). 7. Grensejusteringar for LNF-spreidd næring ved Dyrkolbotn Fjellstove og Leirskule – sjå eiga innspel (innspel nr. 6) 	<p>Funksjonell strandsone utelukkar bygging på store deler av arealet. Arealet er bratt. Administrasjonen står fast ved argumentasjonen om at området ikkje er eigna for bustadbygging.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Rådmannen rår til å delvis ta innspelet til følgje. Administrasjonen utarbeidar ny formulering av føresegn 4.1.4 Omsyn friluftsliv. 4. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 14. september 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere nye areal etter 1. gangshøyring av planforslaget. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget. 5. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Sjå punkt 4. Ved eventuell utbygging må tilhøve til badeplassen vurderast. 6. Sjå vurdering under innspel 6. 7. Sjå vurdering under innspel 6. 		
4	<p>Cardo 8614 AS ved Trond Tystad</p> <p>Grunneigar på Nappane, gbnr. 129/10 og 13.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samd med Lindås kommune i oppheving av reguleringsplan. 2. Forslag om reduksjon av småbåtanlegg som ligg inne i planforslaget til kommuneplanen sin arealdel, BAB3; <ol style="list-style-type: none"> a. reagerer på storleik; mykje større enn behovet for Nappane (Søre Titland). Inkl. kartutsnitt med forslag til ny avgrensning. b. infrastruktur (veg) tåler ikkje auke i trafikk. M.a. usikra skuleveg. c. manglande omsyn til landskap og den lokale leden. d. Forslått anlegg vil vere dominerande og krevje m.a. bølgebrytning som gjev støy. e. Forankring av anlegget vil nå ut til reke og dypvannsfisk renna i Radsundet. f. Negativ konsekvens for fjordsildstamme 3. 8 naust er for høgt tal og hindre tilgang for ålmenta. 4. Ber om at deler av området som ligg som fritidsbustad i KPA 2011 vert endra tilbake til LNF. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. Er og lagt som innspel til oppheving av Nappane reg.plan. 2. Rådmannen rår til å delvis ta innspelet til følgje. Administrasjonen har lagt inn areal i tråd med avgrensinga i planforslaget for Nappavika småbåtanlegg. Avgrensinga til planforslaget samsvarer ikkje med avgrensinga i innspelet frå Nappane båtlag. Ved ein feil har derfor administrasjonen ikkje tatt heile avgrensinga frå innspelet frå Nappane båtlag til vurdering. Nappane båtlag, ved Atle Maalen, er informert om feilen. Det er semje med Nappane båtlag om at ein legg inn ein reduksjon av areal i sjø, i tråd med ny avgrensning. Arealutviding mot søraust, som ikkje har vore del av planforslaget på høyring, vert ikkje lagt inn. Nytt areal er i stor grad likt som forslag til reduksjon frå Trond Tystad. Øvrige merknader, a-f, vert handtert i reguleringsplanprosessen. 3. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Det skal ikkje etablerast naust i området. 4. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Oppheving av reguleringsplanprossen går som eiga sak. Det er pågåande prosess med oppheving av reguleringsplan. P.t. er det ikkje avklart om reguleringsplanen vert oppheva. Kan ikkje endra arealføremål før ein eventuelt har eit gyldig vedtak om oppheving av reg.planen. Endring av areal frå fritidsbustad til LNF, må i tilfelle vurderast ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel, viss reguleringsplanen vert oppheva. 		

5	Dyrkolbotn Leirskule og Fjellstove	<ol style="list-style-type: none"> 1. Forskyvning av arealet for kloakkreinseanlegg, BAB 18, om lag 18 m i sørleg retning langs kommunevegen. For plassering av ny kum. 2. LNF-spreidd næring; resten av areal på 247/11 inn som del av LNF-spreidd næring (LSN 18) for å få plass til ny smie. Kan eventuelt redusere arealet tilsvarende i sør. 3. Føresegn pkt. 3.4.6 må framleis tillate 4 nye bygningar når smia og skal vere inkludert. 4. Grensejustering av omsynssone friluftsliv for å sikre at området kan vidareutviklast også til landbruksføremål. Flyttast i austleg retning og sørover til E39. Er bekymra for at grenselina for omsynssona kan vere ekskluderande for dyrking og jordbruksdrift sør for leirskulen. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspelet med høyringsfrist 14. september 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere nye areal etter 1. gangs høyring av planforslaget. Administrasjonen tilrår å søkje om dispensasjon for å få plassert ny kum. Om ein tar innspelet til følgje, vil det truleg krevje 2. gangs høyring av planforslaget. 2. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspelet med høyringsfrist 14. september 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere nye areal etter 1. gangs høyring av planforslaget. 3. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. I planforslaget er LSN18 tal bygningar frå KPA 2011 vidareført. Driftsbygning og personalbustad, er allereid godkjent i inneverande planperiode. Opning for 2 bygningar til. Intensjon frå KPA 2011 er vidareført. 4. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Omsynssona er fastsatt med utgangspunkt i gjennomført kartlegging av friluftsområder. Innspelet må inn som ein del av eventuell framtidig rullering av den kartlegginga. Omsynssone friluftsliv er ikkje til hinder for dyrking og jordbruksdrift. LNF-føremålet er styrande. 			
6	Eide, Kari Iren Romarheim	Utvide bustadsområde på Romarheim (kartskeisse lagt ved).	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Sjå vurdering under punkt 3.</p>			
7	Eidsnes, Anders	<p>Småbåtanlegg i sjø og vassdrag – Ytre Eidsnes 215/31 m.fl.</p> <p>Innspelet på å ta inn område for småbåtanlegg på Eidsnes. Var del av konsekvensutgreiinga (BAB 13). Peiker på mangelfull og feil vurdering av kommunen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Eksisterande område avsatt til småbåthamn innerst i vika er ikkje eigna for mange båtar eller utviding, og er ikkje eit fellesprosjekt. Intensjonen med det området avsatt i KPA 2011 var aldri ei felles bryggje. 2. Nytt forslag, utviding av arealet, vil ikkje ha behov for parkering, men kan etablerast. 10-15 eigarar med rett til båtplass, halvparten har 300 m eller mindre å gå, resten har max 600 m avstand til fjorden. 3. Nytt forslag er eit fellesprosjekt der mange kan ha glede av felles bryggje. Bryggja kan lett koplant til «utstikket» utan store inngrep i strandsona. 4. Område ytterst i vågen er mest eigna, og har innspel på ei utviding av omsøkt areal med få meter i sør/vest. Teikning lagt ved. 	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Handsama i KU BAB 13 s. 107.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. 2. Jamfør parkeringskrav i kommuneplanen (føresegn 2.6.5), samt føringene som er lagt i planarbeidet for innspel på naust- og småbåtanlegg, må ein sikre tilgang til parkeringsplassar ved småbåtanlegg. Parkering kan løysast på eiga eigedom, men ved eventuelt sal/overføring av rettar må parkering vere sikra for ny eigar av båtplass/naust. 3. Administrasjonen står fast ved argumentasjon i konsekvensutgreiinga om utfordringar knytt til tilkomst og parkering. 4. Utviding vil gje ny høyring. <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			

8	Eidnes, Sigbjørn	<ol style="list-style-type: none"> 1. Utvide LNF-spreidd bustad Eidsnes til å inkludere 215/36. Tomta kan ikkje nyttast til noko anna enn som tilleggsareal til 215/33. 2. Ønskje om utviding av areal avsatt til småbåthamn på Eidsnes, 215/31 m.fl.(BAB 13). Kan slutta seg til forslag frå andre grunneigarar på større utviding av småbåthamna. Ta inn område for småbåtanlegg 215/31 m.fl. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje; LNF-spreidd bustad Eidsnes er vidareført med 2 bustadeiningar i planperioden. Utvidinga er eit nytt innspel som ikkje har vore meldt inn til frist for innspel 14. september 2018. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det truleg krevje 2. gangs høyring av planforslaget. 2. Sjå omtale under innspel frå Eidsnes, Anders (innspel nr. 7). 			
9	Fiskarlaget Vest Innspel etter fristen.	<ol style="list-style-type: none"> 1. Positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men med føresetnad om at det ikkje har negativ påverknad på viktige gyte- og oppvekstområde. Stadig sterkare konkurranse om areala. Planlegging av land- og sjøområda heng tett saman. 2. Viser til Fiskeridirektoratet si nettside når det gjeld fiskeriinteresser. 3. Viser til ny veileder for «Forsvarlig forskrivning og bruk av legemidler». 4. Viktig å unngå forureining i sjø. Viser til «Kartlegging av forureining i utvalgte småbåthavner i Norge og CIENS-rapport 2-2011 «Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus». 5. Dei registrerte fiskeområde i plankartet er ikkje i tråd med Fiskeridirektoratet sitt kart. Ber om at kartet vert endra. 6. Ber om at følgjande kaste- og låssetningsplassar vert teikna inn i nytt plankart; 19 stykk. 7. 16, 20, 22 og 25 må ikkje vere til hinder for bruk av kaste- og låssetningsplass i Eikangervågen. 8. Eventuell naustbyggingar innerst i Hindenesfjorden må heller ikkje vere til hinder for bruk av kaste- og låssetningsplass i området. 9. Naust og/eller småbåtanlegg ved Molvik må ikkje forureine eller ha anna negativ innverknad på gytefeltet i Osterfjorden. 10. Næring og småbåthammer ved Kråkeosen i området må ikkje forureine eller påverke fiskeriinteresser og gyteområder negativt. 11. Akvakultur ved Bjørsvik, Paddøy, Hindenesfjorden, Hosøyna, Haraldsneset og Kråkosen; må ikkje påverka gytefeltet eller eventuelle fiskeriområder. Ved Kråkosen heller ikkje til hinder for bruk av reketrålefeldet. 12. Område for akvakultur ved kaste- og låssetningsplassar ved Hatleviki og Lindebugen, og ved Haraldsneset; må ikkje vere til hinder for bruk av kaste- og låssetningsplassar. 13. Føresegna 2.7.4; slike bygningar, konstruksjonar og anlegg må heller ikkje plasserast slik at dei ligg til hinder for utøving av fiske. 14. Føresegna 3.1.10 1. Naust d); kan vere andre eigna stiar ned til sjø enn dagens, bør ikkje åleine vere til hinder for bygging av naust. 15. Føresegna 3.1.10 1 Naust e): legg gjerne inn avgrensing på storleiken på bryggje/pir, særleg for fritidsnaust. Yrkesfiskarar må og kunne bygge naust på eiga eigedom utan reguleringsplan. 16. Føresegna 3.1.10 Småbåtanlegg og 3.5.9 Småbåthamn; ønskje om at viktigheita av miljøvennlige småbåtanlegg og hamner vert inkludert i føresegna. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. 2. Tatt til orientering. 3. Tatt til orientering. 4. Tatt til orientering. 5. Ikkje kommentert frå Fiskeridirektoratet. Har fiskeområder inne i plankartet, men det er nokre få avvik mellom sonane i plankartet, og dei som ligg på Fiskeridirektoratet. Kartet manglar mellom anna ei sone i Austfjorden. Sonane i plankartet er vidareført frå gjeldande kommuneplan. Fiskeridirektoratet har i uttalen sin, varsla ein gjennomgang og kvalitetssikring av fiske og låssetningsplassar, og er nøgd med at sonane frå gjeldande plan er vidareført. Administrasjonen ønskjer difor å avvente oppdatering av eventuelle nye sonar, til Fiskeridirektoratet har gjort sin gjennomgang. Oppdatering av sonane må derfor gjerast ved ny rullering av KPA. 6. Ikkje kommentert frå Fiskeridirektoratet. Fiskarlaget Vest har i uttalen sin spelt inn låssetningsplasser som ved førre rullering av kommuneplanen sin arealdel i 2011 blei tatt ut av plankartet. Endringane baserte seg på ein gjennomgang i regi av Fiskeridirektoratet, i samarbeid med aktuelle fiskarlag, av kva plassar som var reelle og var i bruk. Fiskeridirektoratet har i uttala si varsla ein gjennomgang av kaste- og låssetningsplassar, men har ikkje fått gjennomført det p.t. Fiskeridirektoratet er nøgd med at kommunen har vidareført plassane frå KPA 2011. Administrasjonen ønskjer difor å avvente oppdatering av eventuelle nye sonar, til Fiskeridirektoratet har gjort sin gjennomgang. Oppdatering av sonane må derfor gjerast ved ny rullering av KPA. 7. Usikker på kva nummer ein siktar til i uttalen. Kaste- og låssetningsplassen i Eikangervågen er tatt ut av plankartet i samband med arbeidet som vart gjennomført i regi av Fiskeridirektoratet ved rullering av kommuneplanen sin arealdel i 2011, som omtalt under punkt 6. 8. Kaste- og låssetningsplassen vart tatt ut ved rullering av 			

- | | |
|--|--|
| <p>17. Føresegna 3.5.1 Generelt; Fortøyning av akvakulturanlegg må ikkje vere til hinder for fiske i registrerte fiskeområde på Fiskeridirektoratet sine kart. Ber ein vurdere bolting av anlegga, og ikkje nytta T-bolt då fiskereiskap kan hefte i slike. Må unngå lyssetting av sjøområda.</p> <p>18. Føresegna 3.5.2 Fiske og 3.5.3 Havbruk/Akvakultur; Fiskarlaget Vest ønskjer og slike saker på høyring.</p> <p>19. Føresegna 3.5.5 Friluftsområde; det må vere tillate å bruke området til fiske.</p> <p>20. Føresegna 3.5.6 Kombinerte føremål i sjø og vassdrag; presiser kva type næring det er snakk om.</p> <p>21. Føresegna 3.5.10 Gyteområde, 3.5.11 Trålefelt for reke og 3.5.12 Låssettingsplass; endre til «Fiskeridirektoratet region vest». Fiskarlaget Vest ønskjer og å motta slike søknader.</p> <p>22. Føresegna 3.5.12 Låssettingsplass; vis og til Havressurslova § 27. Konkret forslag til tekst som tillegg til føresegna.</p> | <p>kommuneplanen i 2011, jamfør omtalen under 6 og 7.</p> <p>9. Gytefelt torsk dekker heile fjordsystemet frå Fyllingsnes til Vike. Småbåtanlegg må oppfylle dei krava som gjeld for slike anlegg med omsyn til forureining, utslepp m.m. Administrasjonen vurderer det slik at det vert sikra gjennom eksisterande lovverk, og føresegna til kommuneplanen inneheld ikkje ei omtale av krav som vert handtert av andre lovverk. BAB 16 i Molvik har plankrav.</p> <p>10. Har ikkje fått avklart kor Kråkeosen er. Sjå attendemelding i punkt 9.</p> <p>11. Areal til akvakultur/havbruk er vidareført frå gjeldande plan frå 2011. Innspelet er tatt til orientering.</p> <p>12. Areal til akvakultur/havbruk er vidareført frå gjeldande plan frå 2011. Innspelet er tatt til orientering.</p> <p>13. Rådmannen tilrår til å ta innspelet til følgje. Forslag om tillegg i føresegn som sikrar «fiske».</p> <p>14. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Formuleringa i føresegn 3.1.10 1. Naust d, er ikkje til hinder for utbygging, men sikrar at det er eit element som skal vurderast.</p> <p>15. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje; krevjande å sette eit konkret tal. Må eventuelt handterast i enkeltsaker.</p> <p>16. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Vert ikkje handtert i KPA. Gjeld uavhengig av føresegna. Det er krav til avfallsplan og generelt forbud mot forureining.</p> <p>17. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Vert handtert av andre regelverk. Ikkje aktuelle krav i kommuneplanen sin araldel, innspelet er på eit meir detaljert nivå enn det som vert stilt i overordna planer.</p> <p>18. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Tar ikkje til følgje å leggje Fiskarlaget Vest inn som høyringspart. Lindås kommune legg berre offentlege høyringsinstansar inn som part.</p> <p>19. Tatt til orientering. Det ligg ikkje noko hinder for fiske i føresegn 3.5.5.</p> <p>20. Rådmannen tilrår til å ta innspelet til følgje. «Næring» skal presiserast.</p> <p>21. Rådmannen tilråd å delvis ta innspelet til følgje. Det er feil i teksten i føreegnet. Tekst skal endrast til «Fiskeridirektoratet». Tar ikkje til følgje å leggje Fiskarlaget Vest inn som høyringspart. Lindås kommune legg berre offentlege høyringsinstansar inn som part.</p> <p>22. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Føresegna til KPA gjentar ikkje føringar som vert ivaretatt av andre regelverk; i denne saka vert dette sikra gjennom Havressurslova.</p> |
|--|--|

10	Furesund, Ole Gunnar	2 bustadtomer på gbnr. 64/3.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspelet med høyringsfrist 14. september 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere nye areal etter 1. gangs høyring av planforslaget. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.			
11	Furesund, Ole Gunnar (2)	Bustadføremål på gbnr. 63/10.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspelet med høyringsfrist 14. september 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Det er ikkje opna opp for å vurdere nye areal etter 1. gangs høyring av planforslaget. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.			
12	Harris Advokatfirma AS på vegne av Øyvind Feste Innspelet etter fristen.	Bustadføremål på gbnr. 96/6 Kommentarar til adm. sin vurdering av innspel sendt inn 7. september 2018. Det er ikkje landbruksdrift på omsøkt areal; vesentleg skogkledd og vert ikkje nytta til friluftsliv. Bustadføremål på eigedomen vil gje ein meir hensiktsmessig utnytting av eigedomen, enn at det er avsatt til LNF-føremål. Ønskje om tomannsbustader med gode kvalitetar. Vil gjere Skodvin til eit mer attraktivt sted å busette seg.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Silt vekk i grovsiling av innspel i politisk styringsgruppe 16. oktober 2018. Frå grovsilinga: «Grenser til LNF-spreidd på Fjellsbø. 2 av 6 einingar bygd ut i planperioden. Liten del av arealet ligg i omsynssone landbruk H510 (Skodvin oL10). Ikkje i samsvar med arealstrategiane til kommunen; ikkje behov for store nye bustadområder. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdiponering frå LNF til bustad». Adm. held på vurderingane som er gjort i grovsilinga. Det er silt vekk andre innspel på bustad og LNF-spreidd bustad på Fjellsbø, og det er ikkje vurdert som rett å opne opp for meir bustadbygging i området. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.			
13	Haugen, Kjell Innspelet etter fristen.	Næring til LNF på Åse/Espeland, gbnr. 163/3, 4 m.fl. 1. Ikkje ønskje om etablering av næring på omsøkt areal. Vil ha arealet endra attende til LNF. Etablering av næring vil føre til at garden min ikkje vil vere drivverdig lengra, då området utgjer ein stor del av gardsarealet. 2. Viktig område for fuglen vipe, som er raudlista, svært trua og avhengig av opent landskap. 3. Kommunen må leggje press på entreprenøren slik at jordtippen vert tilbakeført til jordbruk.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. 1. Tatt til orientering. Det har ikkje vore mogleg innanfor rammene av denne rulleringa å gjere ei ny vurdering av alle arealføremål i kommuneplanen. 2. Arealføremålet næring er vidareført frå kommuneplan vedtatt i 2011. Endring frå LNF til næring vart konsekvensutgreiia i samband med endringa i 2011. Ved ein eventuell reguleringa av arealet vil tilhøve til f.eks. raudlista artar og liknande måtte vurderast. 3. Tatt til orientering. Dette er ein pågåande sak som vert handtert i andre prosessar, og er ikkje ein del av arbeidet med kommuneplanen.			

14	Hopland, Jan Erik	<p>Bustadområde 172/3 Seim</p> <p>Klage på manglande endring frå LNF til bustad på Seim:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Lindås kommune har ved to anledningar kjøpt tomt til Seim skule frå 172/3 utan problem frå vår side. 2. Vi la ned drifta etter dette fordi den gode landbruksjorda vart kjøpt opp av Lindås kommune. Har fått kritikk frå naboar og andre når vi har hatt dyr på beite. Ikkje mogleg å drive landbruk lengre. Kun to aktive gardar på Seim no; eine på Otterås og ein ved Seimsvatnet. 3. Nærleik til elv; omsøkt areal ligg ikkje nærare ei elv enn Seim skule. 4. Ikkje gang- og sykkelveg; det er ingen andre områder på Seim kor det vil vere enklare å oppfylle dette kriteriet i og med at vi grenser til fortau til Seim skule. 5. Grenser til nærliggande reguleringsplan med bustadkapasitet; omtalt areal vil vere ferdig utbygd etter ca. 5 år. Må vere ein fordel å ha tilgang på nye områder, i staden for at ein må vente 15 år på at eit nytt bustadområde skal vere klart. 6. Oppfattar at administrasjonen i Lindås kommune ikkje liker eit gjensidig samarbeid, at alt skal gå ein veg og det er til Lindås kommune sin fordel. 	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Silt vekk i grovsiling av innspel i politisk styringsgruppe 16. oktober 2018. Same innspel som Magnar Hopland</p> <p>Frå grovsilinga: «Omsynssone landbruk H510 (Åse-Seim-Nesse oL30). Kulturlandskap, bustadreserve i området, samanhengande LNF, smal veg utan tilbod for gåande og syklande, innkøyring til Seim, nærleik til elv. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til bustad».</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. 2. Tatt til orientering. Omsynssone landbruk er juster i planarbeidet, og er vurdert til framleis å gjelde for det aktuelle arealet. 3. Tatt til orientering. 4. Tatt til orientering. 5. Har ein stor bustadreserve i planen, og det er difor berre lagt inn mindre endringar på bustad i denne rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. 6. Tatt til orientering. <p>Adm. held på vurderingane som er gjort i grovsilinga. Det er silt vekk andre innspel på bustad på Seim pga ein overordna vurdering av at det er ein bustadreserve i området, og ein kan i planen ikkje leggje opp til ein for stor bustadreserve (nasjonale/regionale føringar). Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
15	Hopland, Terje	<p>LNF-spreidd bustad 171/3 Seim.</p> <p>Ber om at innspelet om bustadareal på 171/3 på Seim vert endra til å gjelde LNF-spreidd bustad, med opning for 2 bustadtomter.</p> <p>Tomtana ligg utanfor reg. plan for Seim kyrkje. Arealet kjem ikkje i konflikt med tidsaktuell landbruksdrift. Det er ført fram kommunal veg, vatn og kloakk til tomtane. Ligg utanfor byggjeforbod nær kyrkja (60 m) og det er stor høgdeforskjell mellom omsøkt areal og kyrkja/kyrkjegarden (ingen visuell konflikt).</p> <p>Sjå innspel under for omtale av klage på grovsiling av bustadinnspel på same areal.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Innspelet er ei endring av innspel på bustad som vart silt vekk i grovsiling av innspel i politisk styringsgruppe 16. oktober 2018 (sjå punkt 16 under). Omsøkt areal er redusert jamfør innspel på bustad.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
16	Hopland, Terje 2 innspel om same areal – sjå punkt 15.	<p>Klage på grovsiling av innspelet om 2 tomannsbustader på Seim.</p> <p>Peiker på 2 feil frå administrasjonen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. 1. feil: Det omsøkte arealet ligg utanfor reguleringsplan for Seim Kyrkjegard og Håkonshaugen Amfi. 2. 2. feil. Urnelund. Dette er eit nytt begrep som har kome inn i saka. Det har 	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Silt vekk i grovsiling av innspel, pkt. 28.</p> <p>Frå grovsilinga: «Tomta ligg i LNF og omsynssone landbruk H510 (Åse-Seim-Nesse oL30). Deler av arealet omregulert</p>			

		<p>aldri vore drøfta urnelund i dette området.</p> <p>3. Deler av området er teikna inn som offentleg føremål i KPA 2011. Føremålet er kyrkjegard og parkeringsplass. Ved utarbeiding av reg.plan så falt denne delen av vår eigedom ut av reg.planen. Område ligg derimot framleis inn i kommuneplanen, noko eg meiner beror på ein misforståelse. Det var inngått avtale mellom oss og kommunen om å avstå arealet til kyrkjegard og p-plass, men avtale er kun underteikna av oss og ikkje av kommunen. Viser til kommunestyresak 035/01, 22.03.2001.</p> <p>4. Har i lang tid forsøkt å få arealet endra til bustadføremål. Omsøkt areal er ikkje eigna til landbruksområde; brattlendt og skogkledd. 3 bruk på garden Hopland som i same periode har fått endra frå LNF til bustad (gbnr. 172/4, 6 og 10). Meiner kommunen driv forskjellsbehandling av slike sakar.</p> <p>5. Har i fleire generasjonar hatt eit greitt forhold til kommunen. Fleire saker som har vore i kommunen sin interesse å få areal til; til dømes utviding av parsellen ved Håkonshaugen, utviding av kyrkjegarde, vatn og kloakk til Borgstova og p-plass til Håkonshaugen og kyrkja. Kommunen har avslått våre søknader om bustad. Ser ut til at samarbeidet berre skal gå ein veg.</p> <p>6. Om ein held på å avslå endring til bustad, må kommune inngå ny avtale om kjøp til gravplass (urnelund) og p-plass.</p>	<p>frå LNF til grav- og urnelund og parkering. Nærleik til skule. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering til bustad».</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Det er riktig at arealet ligg utanfor reguleringsplan. Deler av arealet er derimot i kommuneplanen satt av til grav og urnelund. 2. Grav- og urnelund er føremålet for denne type offentlege føremål. 3. Riktig at arealet ligg utanfor, men arealet er ein framtidig reserve ved eventuelt behov for utviding av grav og urnelund. Har ikkje innan skrivefristen fått ei avklaring på status for avtalen som det vert vist til i innspelet. 4. Tatt til orientering. 5. Tatt til orientering. 6. Har ikkje innan skrivefristen fått ei avklaring på status for avtalen det vert vist til. <p>Endre innspel til LNF-spreidd bustad. Sjå innspel over (nr 15).</p>			
17	Invest in Bergen	<p>Merknad til kap. om næringsutvikling og næringsarealar.</p> <p>Kommunen er for defensiv og lite proaktiv med omsyn til å videreutvikla næringsareala i kommunen generelt, og særleg i høve til mogleg utviding av «korrekt» lokaliseiring i Nordhordland Næringspark. Oppmoder om ny vurdering, gjerne som føreslått i eiga uttale frå Nordhordland Næringspark.</p> <p>Viser til uttale til Lindås kommune sitt forslag til Handlingsdel Næringsplan 2018-2020; med m.a. kommentar på at næringsområdet på Eknes har ei sentral rolle ved transformasjonsprosessen for Knarvikområdet. Bør vurdere utviding i kommande KPA-prosess. Viktig å fylle opp nettbeholdningen av relevant næringsareal for større industrielle initiativ.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Står fast ved vurderingane i plandokumenta knytt til stor reserve på næringsareal, og at ein ny vurdering av eventuell utviding av eksisterande, eller utlegging av nye områder til næring, bør takast i Alver kommune.</p> <p>For Nordhordland næringspark er det i tillegg slik at pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen skal fastsette trasé for E39 i området. I administrasjonen sin vurdering er det difor lagt vekt på at ein eventuell utviding av næringsområdet, bør vurderast når trasé for E39 er fastsatt. Arealet som er til vurdering i kommunedelplanarbeidet for E39 er i tillegg bandlagt i planen, med føringar som omtalt i føresegn punkt 4.2.2 Sone for bandleggingssone etter anna lov, jf. Pbl. § 11-8 d (H710).</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
18	Kålås Bygg AS, ved Lars Hagesæter	<p>Reg. plan Leiknes vest – bustadfelt (planid 1263-20052002) – føresegningsområde – behov for avklaring av konsekvensar for realisering.</p> <p>Kålås Bygg nærmer seg oppstart av byggearbeid i tråd med reg.plan for Leiknes vest-bustadfelt. Rammesøknad klar for innsending, utbyggingsavtale er inngått med Lindås kommune, og gjennomført dialog med naboar i området.</p> <p>Planen skal realiserast i eit samarbeid med tilgrensande plan for Leiknes skule</p>	<p>Innspelet er ført etter fristen, men det har vore dialog mellom administrasjonen og innsender i forkant av høyringsfristen. Semje om at innspelet bør førast som del av merknadshandsaminga.</p> <p>Det er gjennomført møte mellom utbyggjar og einingsleiar for arealforvaltning, Siril Therese Sylta. I møte informerte administrasjonen om konsekvensane av at planane er lagt inn</p>			

		(planid 1263-201008). Begge planane er lagt som føresegsområde #54 og #57 (s. 39 i planskildringa). Utbyggjar har spørsmål til og bekymring for kva konsekvens planforslaget til KPA har for realisering av reg.plan.	som føresegsområde. Innspelet medfører ikkje behov for nokre endringar i planen.			
19	Langesæter, Aril	Tilbakeføring frå næring til LNF på Espeland og Åse. Ber om ny vurdering. Arealet har høgare verdi som LNF, enn næringsareal. Viktig reserveareal som kan reetablerast til å få blant dei største samanhengande grasareala i Lindås kommune. Peiker på globale perspektiv, mattryggleik, potensiale for «kornkrise» og utfordring for matproduksjon, som i dag i stor grad er avhengig av kraftfor.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Tatt til orientering. Det er ikkje vore mogleg innanfor rammene av denne rulleringa å gjere ei ny vurdering av alle arealføremål i kommuneplanen. Arealføremålet næring er vidareført frå kommuneplan vedtatt i 2011. Endring frå LNF til næring vart konsekvensutgreiia i samband med endringa i 2011.			
20	Lerøy Vest AS/Sjøtroll Havbruk AS	Innspelet til AK-området ved Skårabogen utanfor Bjørsvik; føresegna 3.5.3; «I områda sett av til akvakultur ved Bjørsvik, ved Likulten nord for Myking og ved Ådnøy, er det berre tillate med lukka anlegg og FOU-anlegg». Slike lukka anlegg er ikkje satt i kommersiell produksjon og utforming er ikkje kjent. Er og store djupner utanfor Bjørsvik, noko som vil gjera det ufordrande å fortøya slike anlegg. Innspelet på utviding og endring av avgrensa areal avsatt til akvakultur, samt ei sone for fortøyning. Kartskisser lagt ved innspelet. Med ei slik løysing vil ein unngå konflikt med planen når ein ønskjer å leggje eit anlegg i området.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Som omtalt i planskildringa, kap. 2.3.3. Næringsareal til havbruk, er eksisterande areal til havbruk vidareført frå kommuneplanen frå 2011. Vidare arbeid med akvakultur/havbruk skal følgjast opp i planstrategien for Alver kommune. Fylkesmannen i Vestland har fremja motsegn til planforslaget på dette punktet. Det vert lagt inn endringar i føresegna for å svare ut motsegnet. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.			
21	Lindås Bygdelag	Områdeplan for Lindås – uheldig at arbeidet ikkje er starta opp. Positive til moglegheitsstudien, men viktig at arbeidet med områdeplanen vert satt i gang raskt og med effektiv gjennomføring. Ber om tillegg i vedtak av kommuneplanen som sikrar gjennomføring av områdeplanen.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Kommuneplanen sin arealdel sett krav til at områdeplanen skal utarbeidast, men det er planstrategien som avklarar kva planar som skal prioriterast.			
22	Lindås Pensjonistlag	Bustadområde B1 Lindås. Merknader til to av «krava» i KU: – Kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder – Erstatningsansvar ved nedbygging av areal som nyttast til barn og unge	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Krava som er fastsatt må vurderast i samband med reguleringsplanarbeidet.			
23	MDG Alver	1. Planskildring 2.7 Byggeområde for naust og småbåthammer og føresegn 3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone; ber om punkt – «Tilgang for ålmenta for småbåtutsetting og opptrekk». Stadig fleire som nyttar kajakk, padlebrett og andre småbåtar. 2. Omsynssone Naturmiljø (H560); saknar datering av registreringane det er vist til – «Omsynssona er utarbeia over naturtypar basert på Direktoratet for naturforvaltning (DN) sine tilgjengelege registreringar på vilt og biologisk mangfald».	1. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Ålmenta sin tilgang til slike områder er sikra i føresegna. Ikkje vurdert som riktig å leggje slike detaljerte føringar i kommuneplanen. 2. Tatt til orientering. Administasjonen innhentar informasjon frå ulike databaser i planarbeidet. Datering av grunnlag/registreringar som ligg til grunn for den enkelte database vil kunne variere frå registrering til			

			registrering.			
24	Mellemstrand, Venche, Jan og Ottar	<p>Fjellsbø, 48/10, 11 og 9.</p> <p>Utvide LNF-spreidd bustadområdet på Fjellsbø til å inkludere desse tre tomtene. I planforslaget er 48/9 og halve 48/10 del av LNF-spreidd bustad. Halve 48/10 og heile 48/11 ligg i LNF-område.</p> <p>Opprinneleg innspel til planarbeidet var bustadføremål for dei tre tomtane. Innspel i høyringa på å utvide LNF-spreidd området til å omfatte alle tre tomtar.</p> <p>Har lagt ved detaljert argumentasjon og dokumentasjon for saka.</p>	<p>Rådmannen rår til å delvis ta innspelet til følgje.</p> <p>Avgrensinga av LNF-spreidd bustadområdet for dei tre tomtane 48/9, 10 og 11 vart fastsatt i kommuneplanen sin arealdel i 1999.</p> <p>Vedtak i PMU 19. juni om å ta inn LNF-spreidd bustad Fjellsbø, men redusere omfang langs vegen, nederste delen, resten av avgrensinga som før.</p> <p>Administrasjonen tilrår ei endring for å innlemme heile gbnr. 48/10 i LNF-spreidd bustad Fjellsbø. Gbnr. 48/11 vil då framleis liggje som LNF-område.</p> <p>Endring vil ikkje medføre ny høyring. Endring for å innlemme 48/11 i LNF-spreidd bustad vil føre til ny høyring.</p>			
25	Molvik, Idar	<p>Innspel til bebygde eigedomar i LNF; gbnr. 227/12.</p> <p>Eigedomen er del av opplistinga av bebygde eigedomar i LNF, for både bustad og fritidsbustad. Ber om at tomte berre vert del av opplistinga på bustad.</p>	<p>Rådmannen rår til å ta innspelet til følgje.</p> <p>227/12 vert tatt ut av opplistinga for fritidsbustad.</p>			
26	Molvik, Idar (2)	<p>Spreidd naustområde 225/4 Haukøy.</p> <p>Innspelet var ikkje på endring til naustområde, men til LNF-spreidd naust.</p> <p>Sjøvegen er einaste tilkomst til Haukøy. Har i dag ei sjøbu og eit naust, men ingen fungerande kai for skyssbåt eller andre båtar for frakt av materialar til bruket. Viktig å få ein enklare søknadsprosess for kaien.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Silt vekk i grovsilinga av innspel.</p> <p>Frå grovsilinga: «Ikkje i tråd med kvalitetskrava og storleik på naust- og småbåthamnøråde. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til naustområde».</p> <p>Endring av innspelet frå naustområde til LNF endrar ikkje tilrådinga frå administrasjonen i gjennomført grovsiling.</p> <p>Behov for å sjå samanheng med situasjonen på Haukøy. Enkelt sak så må handterast som ein dispensasjonssak. Henvendelse til byggesak for avklaring av vidare saksgang. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
27	Mørch, Steinar	<p>Endring av funksjonell strandsone på Havneset, gbnr. 220/10, Vikanes i Osterfjorden i reg. plan Hamneset-Aurdal (planid 1263-201612).</p> <p>Reg. plan for området vart i 2018 godkjent av Lindås kommune og andre offentlege etatar, men vart stoppa av Fylkesmannen pga manglande funksjonell strandsone. I sitt avslag oppmoda Fylkesmannen Lindås kommune å flytte den funksjonelle strandsona før ein kunne godkjenne planen. Vore dialog i planarbeidet, og har hatt ein forventning om at dette ville kome med i planforslaget.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Har lagt til grunn tidlegare gjennomført arbeid på funksjonell strandsone, og lagt inn i regulerte områder. Ikkje funne grunnlag for å gjere endringar i omsøkt areal.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			

28	Nappane Båtlag ved Kristine Allport	<p>Samd med Lindås kommune i oppheving av reguleringsplan for Nappane. Reg. planen er ikkje realistisk, er utdatert og møter ikkje dagens krav til plan- og miljøomsyn.</p> <p>Viser til reguleringsplan Nappevika og dialog med Fylkesmannen i august 2017. Fylkesmannen avgjorde då at reguleringsplan Nappevika ikkje kunne godkjennast på grunn av reguleringsplan for Nappane.</p> <p>Ber Fylkesmannen støtte oppheving av reg. plan for Nappane, og som ein konsekvens godkjenne Nappevika småbåtanlegg i KPA 2019-2031.</p>	<p>Er og lagt som innspel til oppheving av Nappane reg.plan.</p> <p>Oppheving av Nappane reg. plan går som eiga sak i politiske utval.</p> <p>Innspelet er tatt til orientering.</p>			
29	Naturvernforbundet Nordhordland	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kommunen må tilstrebe eit mest mogleg desentralisert utbyggingsmønster, med styrking av Lindås og Ostereidet og oppgradering av tilførselsveggar til nær- og lokalsenter. 2. E 39; bandlegg store areal og er hinder for utvikling. Store naturinngrep, fysiske barrierer. NVN går i mot planane om ny E 39 og meiner Lindås kommune må markera motstand mot prosjektet. Oppmoder om å redusere bandlegginga i tid og rom, og jobbe for å avgrense dei store inngrepa vegen representerer 3. Positivt med omsynssone friluftsliv i indre Lindås. Ønskje sama for Eiterdalen og at omsynssone kulturmiljø vert inkludert både på Fjeldet og i Eiterdalen. Ønskjer omsynssone vidareført i landskapsvernområde både i Fjonfjella og Eiterdalen. 4. Vern av strandsona; Lindås kommune må sikra tilgang for folk flest til strandsona (peiker ikkje på konkrete areal). 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. 2. Tatt til orientering. 3. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Omsynssona er fastsatt med utgangspunkt i gjennomført kartlegging av friluftsområder. Innspelet må inn som ein del av eventuell framtidig rullering av den kartlegginga. 4. Tatt til orientering. 			
30	Nedreaas, Kjell	<p>Info om pågåande prosjekt for etablering av skogsbilveg Nordre og Søre Askeland (gnr. 16 og 17).</p> <p>Skogen er hogstmoden og skal det vere økonomisk forsvarleg å hente ut denne skogen bør det byggjast ein skogsbilveg. Oppretta samarbeid med skogbruksleiinga i Lindås kommune og Statens vegvesen for å avklare trasé og mogleg avkøyrse til Fv. 394.</p>	<p>Innspelet er tatt til orientering.</p> <p>Kommuneplanen sin arealdel legg ikkje føringar for aktuelt tiltak, då det vert handsama etter andre planar/føringar/lovverk. Vert handsama i ordinære søknadsprosessar.</p>			
31	Nedreaas, Kjell (2) og Hindenes, Sigve	<p>Forslag om verneområde for hummar i Kjekallevågen og Austfjorden for å auke hummarbestanden både i og utanfor verneområdet. Vedlagt kartutsnitt.</p> <p>Viser til suksess med tilsvarande verneområde for hummar i andre kommunar. Viser til at Fiskeridirektoratet ønskjer at fleire kommunar etablerar verneområde for hummar. Forslag til område er basert på initiativ frå lokalbefolkninga med dialog med fiskarar. Viser til konkret forslag til finansiering, plan for gjennomføring og vidare prosess.</p>	<p>Spelt inn til Lindås kommune 22. mai 2018. Lagt på sak 14/1828 Ordførar diverse. Har ikkje vore kjent for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Har vore orientering i plan- og miljøutvalet om saka, 29. august 2018. Usikkert kva effekt eit slikt tiltak vil ha. Behov for å sjå tema i ein samanheng med nabokommunar. Aktuelt som tema for kommuneplanen sin arealdel og/eller landbruk og akvakulturplan i Alver kommune.</p>			
32	Nordhordland Næringspark (Eikanger)	<p>Utviding nord, nordaust og aust for reguleringsplan for Eikanger (planid 1263-201114).</p> <p>Området kan bli svært attraktivt for større aktørar under føresetnad av at utvidinga vert realisert. Viser til at området er i tråd med føringar frå</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Administrasjonen står fast på vurderingane i konsekvensutgreiinga BN5 s. 85.</p>			

		<p>samfunnsdelen, regional areal- og transportplan for Bergensområdet og rapport frå Business Region Bergen.</p> <p>Ønsker dialog med kommunen for å tilpasse innspela til funn i konsekvensutgreiinga.</p>	<p>Som omtalt i Kuen, er det vurdert som nødvendig å avvente vurdering av utviding av næringsområdet, til arbeidet med kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er ferdig.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
33	Nordhordland Næringslag (Eikanger)	<p>Utviding nord, nordaust og aust for reguleringsplan for Eikanger (planid 1263-201114).</p> <p>Utviklinga i Nordhordland Næringspark er bra, det er investert betydeleg i infrastruktur. Overraska over at innspelet om utviding ikkje er tatt med, og at vi ikkje har fått vere ein del av prosessen.</p> <p>Viser til Samfunnsdelen, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og rapport frå Business Region Bergen; Nordhordland Næringspark er i tråd med strategiane og føringane i desse dokumenta.</p> <p>Ei utviding kan trekke til seg store aktørar som krevjer mye areal og kan gje mange arbeidsplassar til kommunen. Fortrinn med ferdig regulerte areal med nødvendig infrastruktur.</p> <p>Er opne for justeringar og tilpassingar av innspela og ønskjer ein dialog med både Lindås kommune og Statens vegvesen.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Administrasjonen står fast på vurderingane i konsekvensutgreiinga BN5 s. 85.</p> <p>Eventuell utviding må avvente til trasé for E 39 er fastsatt. Viktig å sikre at det er god dialog med Nordhordland Næringspark i planarbeidet for KDP E 39 Flatøy-Eikefettunnelen.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
34	Nordhordland Næringspark (Eidsnes)	<p>Utviding av næringsområde Eidsnes.</p> <p>Presenterer argument for kvifor utvidinga bør takast inn og er opne for å justere omsøkt areal.</p> <p>Primært viktig å utvide næringsområde mot nord, dvs. ei forlenging av regulert område langs med tilkomstvegen til næringsområde. Denne utvidinga vil ikkje medføre utbygging i strandsona og vil gje eit mindre inngrep i landskapet.</p> <p>Er i god dialog om flytting av fyrverkerilageret slik at faresona kan bli fjerna.</p> <p>Feil at arealet ikkje er tatt i bruk, slik det står i konsekvensutgreiinga; utbygginga er starta opp og store areal er planert, som grunnlag for å bygge kai.</p> <p>Viktig å ha store nok areal slik at ein får eit økonomisk grunnlag for hamneområdet. Etablering av eit moderne hamneanlegg vil ha betydelege miljøgevinstar ved å legge til rette for meir godstrafikk på båt.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Administrasjonen står fast på vurderingane som er gjort i konsekvensutgreiinga.</p> <p>Viser elles til plandokumentata si omtale, av at ei ny vurdering av næringsareal samla sett vert riktig vente med til utarbeiding av ein kommuneplan for nye Alver kommune.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
35	Nystrand, Margareth Johanne	<p>Tilbakeføring frå næring til LNF på Espeland og Åse, gbnr. 163/1.</p> <p>Endre frå næring til LNF-spreidd næring på jordtippen, og at når arealet er opparbeida at det skal tilbakeførast til LNF. Jordtippen nærmar seg oppfylt, gjenstår å tilføre tørre jordmassar. Løyeve til massedeponi er forlenga.</p> <p>Ikkje aktuelt å selge min eigedom til næringsføremål. Kritisk til at innspelet ikkje har vore teke omsyn til under handsaming av areaplanen.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Arealføremålet næring er vidareført frå kommuneplan vedtatt i 2011. Endring frå LNF til næring vart konsekvensutgreiinga i samband med endringa i 2011.</p> <p>Det har ikkje vore mogleg innanfor rammene av denne rulleringa og gjere ei ny vurdering av alle arealføremål i kommuneplanen.</p>			

		Ber om ny vurdering og at Lindås kommune respekterer dei grunneigarane som ikkje ønskjer næring på sine gardsbruk.				
36	Olsen, Lorentz	Ta ut Fyllingsnes Fisk AS sitt anlegg på Fyllingsnes p.g.a. forureining av sjø og strandlinje. Lagt ved dokumentasjon for forureining av sjøens overflate og strandlinje i området rundt.	Tatt til orientering. Spørsmål om mogleg forureining vert handtert i andre prosessar enn i kommuneplanen. Saka er vidaresendt til rett mynde, byggesaksavdelinga.			
37	Ryland, Per	Gbnr. 217/60 på Romarheimsneset til fritidsbustad. Ligger i bustadareal som er endra til LNF på Romarheimsneset. Ønskjer tomte endra til fritidsbustad (som tilgrensande areal). Einaste fritidsbustadtomt på Romarheimsneset som var lagt inn som del av bustadområde. Viser til dialog med Lindås kommune for fire år sida, og kommentar frå kommunen om at det sannsynlegvis var feil at tomte var lagt inn som del av bustadområde, og ikkje fritidsbustadområde.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Del av bustadareal som er tatt ut av planen. Ubebygde tomt. Frådelt som fritidsbustad i 1995, men har lagt inn for bustadareal i kommuneplanen sidan 1999. Tomta ligg innanfor funksjonell strandsone. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.			
38	Ryland, Rune Martin	Bustadområde på Romarheimsneset gbnr. 217/56 – innspel på at det ikkje skal endrast til LNF-område. 1. Feil i planskildringa kor det står at området ikkje har vore bygd ut sidan 2003. I 2009 blei det bygd veg gjennom vestsida av området for tilkomst til gbnr. 217/42, 43 og 60, i tråd med godkjent tomtedelingsplan. Vegen er og tiltenkt som adkomst for framtidige bustader på gbnr. 217/56. Kostnad for vegen dekkast av 217/2 og 42, med forventning om at deler av kostnadene i framtida ville dekkast av at ny bustader/hytter kunne kjøpe seg inn i vegen. 2. Utfordringar med vatn og avløp i området (omtalt i konsekvensutgreiinga); desse utfordringane må og i tilfelle gjelde eksisterande bustader i området. Man skulle tru at kommunen allereie hadde planar for eit tilfredsstillande vatn- og avløpssystem i området. 3. Byggjeregrense mot sjø; i tomtedelingsplanen og på plankartet er det avsatt ei remse mot sjø som ikkje er med i bustadområdet. 4. I tillegg ligg et andre bustader i området nær til sjø. Merkeleg at dette området skal endrast til LNF, på same tid som ein opnar opp for LNF-spreidd bustad i nærleiken. 5. Eigar av gbnr. 217/56 ønskjer at området framleis skal vere bustadområde.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. 1. I planskildringa er det vist til at det ikkje har vore bygd ut bustad/fritidsbustad sidan 2003. 2. Tatt til orientering. 3. Byggjeregrense mot sjø er lagt før ny veg vert etablert. Kartlegging av funksjonell strandsone i 2011 som omfattar store deler av arealet. Bustadområde lagt inn i 2000. Aktuelt tema for neste rullering å vurdere ubebygde byggeføremål og kopling til funksjonell strandsone. 4. LNF-spreidd bustad er det føremålet ein primært legg opp til å bruke i denne delen av kommunen. 5. Tatt til orientering.			
39	Seim Bygg AS	Planen er for lite langsiktig og for forsiktig når det gjeld planlegging av nye områder avsatt til bustadføremål. Innspel LNF-spreidd bustad 173/79 og 80, med 4 buceingar i planperioden.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Innspelet vart silt vekk i grovsilinga; «173/79 eksisterande hus for dyr/landbruk. 179/80 ikkje bebygd. Grenser til gult område. Areal ligg i LNF, omsynssone landbruk H510 (Åse-Seim-Nesse oL30). Innmarskbeite. Administrasjonen vil ikkje tilrå». Administrasjonen held fast på argumentasjonen som presentert i grovsilinga. Ikkje så langsiktig perspektiv.			

			<p>Forventning om rullering av KPA i Alver kommune.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
40	Seim Eiendomsutvikling AS	<p>LNF spreidd naust Fuglevika 172/26 4 naust i planperioden.</p> <p>Etablert naustområde med ønskje om LNF-spreidd naust. Vil sikre vedlikehald og gjenoppbygging av eksisterande naust som er etablert innanfor området.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Innspelet vart silt vekk i grovsilinga; «Ikkje i tråd med kvalitetskrava og storleik på naustområde. Delvis inne i reg.plan 1263- 200815. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til naust».</p> <p>Administrasjonen held fast på argumentasjonen som presentert i grovsilinga.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
41	Skår, Rune Lekven	<p>Innspelet på LNF-spreidd bustad på gbnr. 11/2.</p> <p>Innspelet sendt inn hausten 2018 var meint som innspel til LNF-spreidd bustadområde med opning for 3 bustader.</p> <p>Innspelet vart av administrasjonen tolka som eit innspel til fritak frå plankrav. Innspelet om endring til LNF-spreidd bustad vert difor tatt med til 2. gangs handsaming av planen.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Omsøkt areal er del av bustadareal som er tatt ut av planen (Veland). Argumentasjonen for å ta ut arealet er at området er bratt og at det er ledig regulert areal i skulekrinsen.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
42	Sommerseth, Charles	<p>Justering/flytting av LNF-spreidd bustadområde SF1 Nappane.</p> <p>Flytte arealet til å omfatte 129/87 og 129/66.</p>	<p>Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje.</p> <p>Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 14. september 2018. Innspelet er eit døme på ein ryddejobb som bør gjennomførast, men som ikkje kan gjerast innanfor rammene av denne rulleringa.</p> <p>Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.</p>			
43	Stusdal, Tore	<p>Kritisk til høyringsfrist og varsling.</p> <p>Ikkje samd i vern på 216/1 og 216/2</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Høyringsfrist og varsling er gjennomført i tråd med føringane i plan- og bygningslova (pbl), som er minimum 6 veker. Det vart gjeve ei 8 vekers høyringsfrist, 2 veker utover kravet i pbl, pga høyring i sumarferien. Det er likevel behov for å vurdere kva endringar som bør gjerast for at ein i større grad får ut informasjon om planarbeid som er i prosess. Vil vere viktig tema for rullering av kommuneplanar m.m. i Alver kommune.</p> <p>Omsynssone friluftsliv er ikkje eit vern, men legg føringar om at det skal takast særlege omsyn til interessane sona representerer. Avgrensinga er satt gjennom kartlegging av</p>			

			friluftsområder, utarbeida av Lindås kommune, i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd.			
44	Vatshelle, Helge	Jorddeponi/massedeponi ved Bjørdalsvatnet. Presenterer argument for at LSN 13 Bjørdalsvatnet bør inn i planen.	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. LSN 13 vart silt vekk i konsekvensutgreiinga. Administrasjonen held fast på konklusjonen i KU. KU er lagt ved som vedlegg til saka. Landbrukssjefen har vore kopla på både i vurderinga i KU, samt i vurderinga av innspel til planforslaget om å ta inn arealet. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.			
45	Øvreås, Nina Stabell og Oddvar	Bustadareal på deler av gbnr. 13/18 (ca 100 m ²)	Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Har vore opna opp for å gje konkrete arealinnspel med høyringsfrist 14. september 2018. Innkomne innspel har vore gjennom grovsiling, samt konsekvensutgreiing av vidareførte innspel. Ikkje opna opp for å vurdere nye areal i høyring av planforslaget. Viss ein tar innspelet til følgje, vil det krevje 2. gangs høyring av planforslaget.			
OFFENTLEGE ETATAR						
1	Avinor	Ingen merknader.	Tatt til orientering.			
2	Bergen kommune	Viktig å styrke det regionale samarbeidet innanfor areal- og transportpolitikk.	Tatt til orientering.			
3	Bergen og Omland Farvannsforvaltning Innspel etter fristen, men tilsendt frå HFK.	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krev tillatelse fra BF IKS, jf. Hfl. § 27, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i bestemmelsene. 2. Anbefaler at planen blir sendt til Kystverket for uttale. 3. Anbefalter at planen blir sendt til Fiskeridirektoratet for uttale. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rådmannen rår ikkje til å ta innspelet til følgje. Det er mange ulike tiltak som krev vedtak/samtykke etter andre lovverk. Alle desse er ikkje gjengitt i føresegna til kommuneplanen. 2. Planen er sendt på uttale til Kystverket og uttale er mottatt. 3. Planen er sendt på uttale til Fiskeridirektoratet og uttale er mottatt. 			
4	Bergen Sjøfartsmuseum Innspel etter fristen, men tilsendt frå HFK.	Vi har ikkje særlege merknader til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031. Minner om vårt ansvarsområde marine kulturminne og omfattar sjø- og strandområda, samt vatn og vassdrag.	Tatt til orientering.			
5	BKK Produksjon AS	Bandlegging etter anna lovverk: I nordaust grensar Lindås kommune til det regulerte Haugsdalsvassdraget.	Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje ved å endre plankartet slik at Godbotsvatnet er sikra med			

		Delar av reguleringsmagasinet Godbotsvatnet ligg i Lindås kommune. Godbotsvatnet er regulert i samsvar med vassdragskonsesjon etter vassdragslovverket, med siste revisjon av manøvreringsreglementet fra 8.februar 1980. Plankartet må vise Godbotsvatnet med bandlegging etter andre lover (bandlagt etter vassdragsreguleringslova).	bandleggingsssone. Fører ikkje til ny høyring – endrar ikkje det juridiske (bandlegginga er i kraft).			
6	BKK Nett	<ol style="list-style-type: none"> 1. Minner om at kablar under bakken eller i sjø ikkje skal innteiknast i kartet. 2. Føresegn 3.2 pkt. d) – minne om at omlegging av eksisterande luftleidning til jordkabel fordrer at trase kan fremskaffast og at kostnadane vert dekkja av den som rekvirerer omlegginga. 3. Føresegner (fleire stader); «bygg med rom for varig opphald har elektromagnetisk stråling frå høgspenline som er under grenseverdiaene». Vil peike på at kraftleidingar ikkje medfører stråling og at det ikkje er fastsatt grenseverdiar for magnetfelt. 4. Føresegner 4.1.3 Høgspenningsanlegg (H370); vil påpeike at det langs kraftleidingar gjelder byggeforbod. Ber om tillegg til føresegna. 5. Føresegner 2.6.2 Byggjegranser mot anna infrastruktur; ber om tillegg om byggeforbod langs luftleidingar. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Er ikkje teikna inn i kartet. 2. Tatt til orientering. Må vurderast i det enkelte tilfele. 3. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Vurder endring av bruk av «grenseverdiar». 4. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Sjå konkret forslag i uttalen frå BKK Nett. 5. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Sjå konkret forslag i uttalen frå BKK Nett. <p>Endringane vil ikkje medføre ny høyring.</p>			
7	Direktoratet for mineralforvaltning	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kommunen skal forvalte sine førekomstar av pukk og grus. Kan ikkje sjå at kommunen har gjort dette i planarbeidet. Lindås kommune har førekomstar av pukk og grus med stor verdi og eit sannsynleg potensiale for uttak og nytte av desse. Eksisterande førekomstar bør gjerast synlege i planen som omsynssone for mineralressurser. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rådmannen tilrår ikkje å ta innspelet til følgje. Ikkje tatt til følgje. Rullering av kommuneplanen sin arealdel er ein temavis rullering. Innspelet frå Direktoratet for mineralforvaltning må vurderast som tema ved rullering av kommuneplanen sin arealdel i Alver kommune. 			
8	Fiskeridirektoratet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fiskeridirektoratet har ikkje hatt høve til å gjennomgå låssettingsplassar og fiskeplassar; men ser at samtlege areal avsatt til fiske er rullert med vidare i planforslaget. 2. Konkret innspel på mindre endring i føresegn 3.5.10, 3.5.11 og 3.5.12; «..skal leggest fram for Fiskeridirektoratet for uttale, ikkje fiskeridirektøren». 3. Føresegn 3.5.3 – viser til e-post dialog om feil i føresegn. 4. Føresegna; bør framgå at fortøyningar til akvakulturanlegg/havbruksanlegg kan strekke seg utanom område sett av til akvakultur, men ikkje inn i område som er sett av som einkategori fiskeområde. 5. Lagt ved skriv om småbåthamner og gode råd for å ivareta marint biologisk mangfald. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering 2. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Det er ein feil i føresegn 3.5.3. og skal rettast opp i. Har vore dialog med Fiskeridirektoratet i saka. Område med potensial for akvakultur (fleirbruk) er ikkje lagt inn i kartet, og skal takast ut av føresegnene. 3. Rådmannen tilrår ikkje å ta innspelet til følgje; eksisterande areal for akvakultur/havbruk er vidareført i planen, og plantema er ikkje vurdert i denne temavise rulleringa av arealdelen til kommuneplanen. Konsekvensane av eit eventuelt slikt tillegg til føresegna er difor ikkje vurdert og kan ikkje leggest inn. I intensjonsavtalen for Alver kommune ligg det inne at det skal utarbeidast ein landbruks- og akvakulturplan. Ny vurdering av dette tema vert difor lagt til planprosessar i Alver kommune. Merk og motsegn frå FM på dette punktet. 4. Tatt til orientering. <p>Endringane vil ikkje medføre ny høyring.</p>			
9	Forsvarsbygg	Ingen merknader.	Tatt til orientering.			
10	Fylkesmannen i Vestland	Samordna uttale med motsegn. Motsegn til følgjande områder: <ol style="list-style-type: none"> 1. Akvakultur 2. BAB 1 	Uttale frå Fylkesmannen er svart ut i eiga notat, datert 10. oktober 2019, samt oversending av reviderte føresegner. Viser til notat lagt ved den politiske saka.			

	<p>Utsatt høringsfrist til 2. oktober 2019 (oversending 3. oktober 2019)</p> <p>Gjennomført dialogmøte med FM, SvV, HFK og NVE 25. september 2019.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 3. BAB 8 4. BAB 15 5. B 1 <p>Merknader/semje i dialogmøte 25. september 2019 på følgende endringer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. LNF-spreidd eksisterande; strandsonerinteressane på dei aktuelle eigedomane som ligg i strandsona er ikkje avklart. Semje i dialogmøte om å ta inn eit føresegn om at det er krav om dispensasjon frå pbl. § 1-8, før ein kan byggje her. 2. Byggjeregrense mot vassdrag; semje i dialogmøte om å endra byggjeregrense til vassdrag slik at den ikkje er 0 meter. Kommunen skal leggje inn byggjeregrense i byggeområda. 3. Vurdering av risiko-og sårbarheit i byggjesaksfasen; semje i dialogmøte om at risiko og sårbarheit i LNF-spreidd områda utan plankrav skal handterast i denne planen. 4. Vidareføring av eldre reguleringsplanar uendra; kommunen må enten ikkje nytte denne omsynssona, eller vurdere alle reguleringsplanar opp mot nasjonale og regionale interesser. Desse vurderingane må visast i plandokumentata. 5. Føresegn; kommunen skal utarbeide nytt framlegg til føresegn, gjeld særleg unntak frå krav om reguleringsplan. 6. Akvakultur; planen kan ikkje opne opp for nye områder for akvakultur som ikkje allereie har løyve. Kommunen må utarbeid ei interkommunal plan som visar samla belastning av fjordsystemet. 7. BAB 1 Norde Trongholet 8. BAB 2 Festevangen 9. BAB3 Nappane; semje i dialogmøte å sette inn rekkjefølgjekrav om at reguleringsplan for Nappane skal opphevast før BAB 3 kan realiserast. 10. BAB 4 Nordre Totlandsvika; endre 11. BAB 8 Sauvågen – motsegn 12. BAB 11; endre 13. BAB 15 Tveitastø; endre 14. BAB 16 Molvik; endre 15. LSN 4 Spurkeland vikinggard 16. LSN 11 Eidevåg; semje i dialogmøte om at kommunen må vere meir konkret i føresegna 17. B 1 Lindås; motsegn. 18. B 8 Leknes; kommunen tar ut området. 				
11	Hordaland fylkeskommune	<ol style="list-style-type: none"> 1. KPA – i det vesentlege i samsvar med ønska regional utvikling og regionale planar. 2. Legg inn tekst 3. Rår kommunen til å vere enno dristigare i å vurdere eksisterande bustadareal som kan bli tatt ut av KPA. 4. Rår til at senterstrukturen med fordel kunne vore tydeligare definert i føresegna til KPA. 5. Positivt med regionale føresegna for handel 6. BB 8 Leknes er i strid med regionale retningslinjer i RATP. 7. Bør vurdere utviding av næringsområdet langs E 39 på Eknes (Nordhordland Næringspark). Viktig for transformasjonsprosessen for 	Motsegn frå Hordaland fylkeskommune er svart ut i eiga notat, datert 10. oktober 2019. Viser til notat lagt ved den politiske saka.			

- regionsenteret Knarvik.
8. Omsyn til landskap, friluftsliv og nærrområde er godt ivaretatt i planen.
 9. Berømmer LK for å vere i front i å ta i bruk nye verkemiddel for å sikre samfunnsnyttig bruk av jord- og overskotsmasser
 10. LNF-spreidd næring – burde stille plankarv for LSN 12 Askeland og LSN 18 Dyrkolbotn.
 11. Rår til at naust- og småbåthamnrområder som ikkje var tilrådd i KU, vert tatt ut av planen; BAB 3 Nappevika, BAB4 Nordre Totlandsvika og BAB 11 Eikangervåg.
 12. Akvakultur er ikkje ivaretatt i tråd med behovet skildra i planprogrammet.
 13. Positivt at «Den Indre Farleia» og «Den Trondhjemske postvei» er sikra med omsynssone. Nokre områder er i konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Motsegn til;
 - a. Områder bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i føresegner
 - b. Mellomalderkyrkjestadar på Lindås, Myking og Seim; Riksantikvaren sitt forslag til føresegner må innarbeidast.
 - c. B1 Bustad Lindås; konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser; den Trondhjemske postvei.
 - d. To områder definert som LNF-spreidd i § 3.4.7 må ut for dei inneheld registrerte automatiske freda kulturminne.
 - e. Fleire område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7 inneheld den Trondkjemske postvei må ut.
 - f. Område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7 med unntak av det nemnd i pkt. d og e må reduserast.
 14. Særskilte merknader til kulturminneinteresser;
 - a. Må definere fleire omsynssoner H570 for bevaring av kulturmiljø, og at desse vert lagt inn i det vidare arbeidet med ein revidert kdp for kulturminne.
 - b. § 4.1.5 ta med ei formulering om at saker som gjeld tiltak i omsynssonene skal sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.
 - c. Planskildring og føresegner må tydeleg spesifisere kva for omsynssoner H570 som er lagt inn i planen, med namn og/eller gards- og bruksnummer.
 - d. Ber om 60 m sikringssone kring dei listeførte kyrkjene.
 - e. Rår til at dei listeførte kyrkjene vert lagt inn med omsynssone H570 med tilknytta retningslinjer
 - f. LSN4 spreidd næring Spurkeland; kan vere i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Må takast særleg omsyn til den Trondhjemske postvei og til omgjevnadene.
 - g. BAB2, BAB3 og BFT1; det må takast særleg omsyn til omgjevnadane slik at nytt arealføremål ikkje kjem i konflikt med det samla kulturmiljøet «Den Indre Farleia».
 - h. Rår til plankrav for LSN 5 Sellevoll. Må takast særleg omsyn til meldepliktige våningshuset og til omgjevnadene.
 - i. LNF spreidd, særleg LNF-spreidd næring; ber om at ein stiller krav om regulering, eller at ein i § 3.4.6 konkret visar til undersøkingsplikta i § 2.8.

		j. BN4; ber kommunen vere særleg merksam på undersøkingsplikta og avklaring av kulturminneinteresser, ved søknad om tiltak i område.			
12	Kystverket	<ol style="list-style-type: none"> 1. Motsegn mot deler av planlagt småbåthamn ved Feste. Småbåthamna kjem i konflikt med farleia for skipstrafikken, og må reduserast. 2. Naust og småbåtanlegg må planleggjast slik at dei ikkje kjem i konflikt med farleiene. 3. Viktig med dialog med nabokommunane ved planlegging av sjøområde. Etterspør samsvar i arealføremåla inn mot nabokommunane sine sjøområde; døme «Fonnesflaket». 4. Grovmaska kart og uttalen er difor ikkje uttømmande. 5. Viser til nettside med info om farleier og navigasjonsinnstallasjonar 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Lindås kommune har sendt e-post til Kystverket, med kopi til Fylkesmannen, som svarer ut motsegnet. Arealet i plankartet vert redusert i tråd med innspelet til Kystverket. Reduksjonen er allereie lagt inn i pågåande reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde. Kystverket har trekt motsegnet i brev datert 9.9.2019. Reduksjon av arealet er ikkje vurdert til å føre til ny høyring. 2. Tatt til orientering. Det er ikkje lagt ut nye område for naust og småbåtanlegg som kjem i konflikt med farleiane. 3. Tatt til orientering. Problemstillinga ligg i hovudsak innanfor kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, som ikkje er gjenstand for rullering. 4. Sendt over sosifil av plankartet, 30.08.2019. 5. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Plankartet har linjene til farleia teikna inn. Sona rundt hovud- og biled er ikkje lagt inn i plankartet. Sona kjem i konflikt med mellom anna fiske- gyte områder. Med omsyn til lesbarheit, er ikkje føremål farlei/sona lagt inn i plankartet. Avgrensinga rundt farleia vert vurdert som grovmaska, og pga lesbarheit og overlappane med fiske- og gyteområder er ikkje sona rundt hovud- og biled lagt inn i kartet. 		
13	Mattilsynet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Honor for at det er laga retningslinjer både for drikkevasskjelder og nedslagsfelt. Etter vår vurdering er dette i samsvar med krav i drikkevassforskrifta. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. 		
14	NVE	<ol style="list-style-type: none"> 2. Spørsmål til om aktsemdkart for jord- og flaumskred, aktsemdkart for steinsprang er nytta. 3. Kva er nytta av å dele omsynssonene inn i lausneområde og utlaupsområde? 4. Saknar generelt krav i føresegna om å gjere greie for fare for områdeskred av kvikkeleire under marin grense i plan- og byggesaker. 5. Vurdering av potensiell flaumfare er viktig både for nye områder for utbygging, men og områder som er planlagt tidlegare og/eller alt bygd ut. Viser til innspel i samband med varsel om oppstart av planarbeidet som gjev råd om korleis dette kan gjerast. 6. Føresegner 2.6.1 Byggjegranser langs sjø og vassdrag; for liten avstandsgrense mot vassdrag (25m). Forslag til konkrete endringar for elvar med ulike nedslagsfelt for å betre sikre byggeområde mot flaumfare. 7. Føresegn 2.9.2 (krav til ROS) er ikkje tilstrekkeleg. 8. Er brukt feil omsynssone på dei større høgspenteleidningane. Må nytte H740 Bandlagde områder. 	<ol style="list-style-type: none"> 2. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje: plankartet vert oppdatert med nye data. 3. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje; vert slått saman til ei omsynssone. 4. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. 5. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. 6. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje; føresegna 2.6.1 – legg inn endring i føresegna, jamfør innspel frå NVE. 7. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Føresegna er endra. 8. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Omsynssona vert retta opp i plandokumenta. 		
15	Statens vegvesen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Generell byggegrense mot veg er fjerna frå føresegna. Legg til grunn at dette difor skal handsamast etter veglova i komande planperiode. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. SVV si forståing er korrekt. 2. Tatt til orientering. Utfordrande å løyse detaljar i 		

	<ol style="list-style-type: none"> 2. Vesentleg mangel – for lite vekt på vurdering av vegtilknytning for areal endra til byggeformål eller utbyggingsformål i LNF. Gjev ei uvisse på moglegheit for realisering for fleire byggeformål. 3. B1: Den Trondhjemske postveg går gjennom området. Vil avgrense disponibelt areal. Kan ikkje påreknast løyve til tiltak innanfor omsynssona for Postvegen, eller tiltak som vil medføre endra bruk av Postvegen. 4. BN1: Event. nye tiltak på eigedomen, som kan gje endra trafikk til området, må vurderast m.t.p tilkomst og trafikks trygg avkøyrsløse. 5. BN3 og BN4: rår til plankrav for arealet. Er byggjegrænse langs E39 på 50 m. Utan plankrav vil tiltaket handsamast etter veglova §29, der SVV vil gjere ei konkret vurdering av eventuell dispensasjon frå byggjegrænse. 6. LNF-spreidd bustad; må setjast vilkår om at eksisterande avkøyrsløse skal nyttast ved ny utbygging. 7. LNF-spreidd næring; mangel ved planframlegget at forventa omfang for dei ulike tiltaka ikkje er vurdert, sjøl om det er opna for tiltak utan plankrav. Mottak av masser er berre vurdert etter areal, og ikkje volum massar. Fleire av tiltaka i LNF-spreidd næring kan vere såpass omfattande at det kan eller bør utløyse reguleringsplikt. 8. LSN6 og LSN7; må vurdere om kryss frå fv. 57 er dimensjonert for auka trafikk. 9. Føresegner § 2.2.1: ber om eige punkt på vegtilknytning og kjem med konkret forslag til tillegg. 10. Føresegner § 2.5.1 og § 2.9.3; endre til «rette vegmynde». 11. Føresegner § 2.5.3; uklart formulert og bør tydeleggjerast. I tillegg bør kommunen ha rekkjefølgjekrav som sikrar fortau også på strekninga nordover frå Kvamsvågen, i samsvar med reguleringsplanen. 12. Fv. 404 har endra navn til fv. 5476. 13. Omsynssone den Trondhjemske postveg – positive til at den er lagt inn. 14. Bandleggingssone H710 E 39; negativ til at kommunen har opna opp for nye arealføremål innanfor bandleggingssona. 15. Bandleggingssone H710 E 39; Uheldig at ein i føresegna (§ 4.2.2) ikkje har teke omsyn til innspel frå SvV om at kommunen må avgrense høve til å gjennomføre tiltak etter eldre reguleringsplanen enn 10 år, innanfor bandleggingssona. Minner om at det er kommunen sin plikt å vurdere om nye tiltak etter eldre reguleringsplanar er i samsvar med dagens krav. 	<p>overordna plan. Må avklarast ved detajregulering/byggesak.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Tatt til orientering. 4. Tatt til orientering. Vurdert at endring er i tråd med gjeldande bruk av området. Ved eventuelle søknad om tiltak på eigedomen, vil trafikksituasjon vere tema. 5. Rådmannen tilrår ikkje å ta innspelet til følgje. Er vurdert å ikkje vere behov for plankrav på arealet. 6. Rådmannen tilrår ikkje å ta innspelet til følgje. Vert ei vurdering i den enkelte sak. 7. Rådmannen tilrår ikkje å ta innspelet til følgje. Er gjennomført vurdering av kva areal for LNF-spreidd næring med behov for plankrav. Uavhengig av plankrav eller ikkje, så skal tiltak søkast om. Tiltaka er søknadspliktige, og i samband med dette vil omfang bli vurdert. 8. Tatt til orientering. LNF-spreidd næring ligg på eksisterande etablerte verksemder. Er ikkje vurdert til å føre til auka trafikk. LSN7 har plankrav. 9. Rådmannen tilrår å delvis ta innspelet til følgje. Føresegn § 2.2.1. vert endra. 10. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Føresegna vert endra. 11. Rådmannen tilrår å delvis ta innspelet til følgje. Vurder ny ordlyd for å klargjere føresegnet. Utviding ikkje tatt til følgje. 12. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje; vert endra i plandokumenta. 13. Tatt til orientering. 14. Tatt til orientering. Kommunen har lagt inn arealendringar innanfor bandleggingssona, men omfanget av endringar er små. Vurderer at det ikkje bør leggast vekt på økonomiske motiv. 15. Rådmannen tilrår å ta innspelet til følgje. Endrar føresegna slik at tiltak innanfor reguleringsplanar som er eldre enn 10 år skal sendast til SVV for uttale. 			
--	---	--	--	--	--